



Forbrigd nordistugu 326/1

2650 Kvam. Tlf 61 29 41 53.

Jord 218 da (125 er på fjellet), beite 36 da (og 55 på fjellet), skog 1500 da, anna 1500 da. 60 ungdyr, 125 sauher, 8 hestar. Mjølkekryr til 1971. – Fyrste traktor 1955, høytørke. – Våningshus bygt 1971, føderådsbygning 1805, stabbur 1780 og 1870, eldhus 1860, driftsbygning 1850 seinast påbygd/rest. 1991, reiskapshus med gardsverkstad 1983. Sel, fjøs og låve (under rest.) på Hillingen. Her falt 3 norske soldatar i 1940. Sel, vinterstugu, låve, fjøs og geitbu på Tjønnsetra. 18 hus. Brt. 6 mill.

Eigarar 1946-71: Ole 1900-73 og Nils Forbrigd 1902-86 – søner til Olaf Forbrigd 1868-1957 og Rønnaug Elstad 1873-1944.

Brørne overdrog til brorsonen.

Eigar frå 1971: Nils Elstad Forbrigd, Ringebu 1946 – son til Hans Forbrigd (frå garden) 1904-75 og Kari Gunstad 1914-75 – g 1973 m Marit Almås, Ringebu 1951 – dotter til Jon Almås 1922 og Magnhild Myren 1921, både frå Ålen i Sør-Trøndelag. Barn: Øystein 1973-73, Barbro 1975, Kari 1978, Ole 1981. (574-4)